



Arkivnr: 2015/3601-29

Saksbehandlar: Nils Skavhellen, Birthe Haugen

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------------------|--------|------------|
| Yrkessopplæringsnemnda | | 05.05.2015 |
| Opplærings- og helseutvalet | | 12.05.2015 |
| Fylkesutvalet | | 19.05.2015 |

Justering av tilbodsstrukturen, skuleåret 2015/2016**Samandrag**

Denne saka tek for seg justering av tilbodsstrukturen ved dei vidaregåande skulane på bakgrunn av søkjartala (prognoseinntaket) pr. 1. mars 2015.

Planlagt tilbodsstruktur ved dei vidaregåande skulane for skuleåret 2015/16 vart godkjent av Fylkesutvalet i desember 2014. Kvar vår, etter at søkjartala er klare, må det likevel gjerast mindre justeringar i tilbodsstruktur og talet på elevplassar.

I fylkesutvalssak 290/13 fekk fylkesrådmannen fullmakt til å tilpasse talet på elevplassar med utgangspunkt i søkjartala. Det skal då ikkje berre takast omsyn til søkjartalet til ein spesiell skule, men også til talet på søkjurar/plassar ved skular i same område-region. I same sak vart det også sagt at dersom utdanningsprogram (Vg1) eller programområde (Vg2 og Vg3) blir vurdert nedlagt, så skal dette leggjast fram til politisk behandling.

Ved vurdering av prognoseinntaket ser ein i utgangspunktet på talet av primærøskjarar (ønskje 1) til det einskilde program. Primærøskjartalet gir likevel ikkje det totale biletet av søkergrunnen. Difor må ein også sjå på talet av sekundærøskjarar, og vurdere kor mange av desse som ikkje vil få plass på sitt primærønskje. Det er også viktig å understreke at sjølv inntaket blir gjort på grunnlag av karakterpoengsummen, ikkje slik at primærøskjarar har førerett framfor søkerar som har dette som lågare ønskje. Primærøskjartalet er likevel viktig fordi desse søkerane blir rekna som meir «sikre» enn dei som har tilbodet som lågare ønskjenummer.

Fylkesrådmannen understrekar at ein i denne saka, som hovudregel, tek utgangspunkt i søkeratal, ikkje i meir prinsipielle spørsmål som t.d. tilgang på læreplassar eller kva skular som skal ha kva type tilbod. Dette er spørsmål som må takast opp i den årlege klasesaka i desember - ikkje etter at søkerane har registrert ønskja sine ut frå vedteken tilbodsstruktur. Unntaket frå dette er at det blir gjort framlegg om å redusere talet på elevplassar innanfor Vg2 Brønn teknikk på grunn av lågare tilgang på læreplassar.

Til slutt i denne saka ligg det tabellar over auke/reduksjon i elevtal som er gjort administrativt for komande skuleår.

Forslag til innstilling

| Skulenavn | Kursnamn | Budsjettert elevtal | Tal reduksjon | Tal plassar ved inntaket skuleåret 2015/2016 |
|------------------------------------|------------------------------|----------------------------|----------------------|---|
| Etne vidaregåande skule | Vg1 Medium og kommun. | 12 | 12 | 0 |
| Kvinnherad vidaregåande skule | Vg1 Restaurant og matfag | 12 | 12 | 0 |
| Hjeltnes vidaregåande skule | Vg1 Naturbruk | 12 | 12 | 0 |
| Norheimsund vidaregåande skule | Vg1 Helse og oppvekstfag TAF | 12 | 12 | 0 |
| Voss husflidsskule | Vg1 Studiespes.m/formgj. | 15 | 15 | 0 |
| Voss vidaregåande skule | Vg1 Service og samferdsel | 15 | 15 | 0 |
| Voss vidaregåande skule | Vg2 Kjøretøy | 12 | 12 | 0 |
| Austevoll vidaregåande skule | Vg1 Elektrofag | 12 | 12 | 0 |
| Bergen maritime videregående skole | Vg2 Brønn teknikk | 45 | 15 | 30 |
| Osterøy vidaregåande skule | Vg1 Design og handverk | 15 | 15 | 0 |
| | | | 132 | |

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg
1 Auke/reduksjon i elevtala - Administrativ behandling

Fylkesrådmannen, 14.04.2015

I fylkesutvalsak 286/14 «Justering av undervisningstilbodet 2015/16» vart tilbodsstrukturen for skuleåret 2015/16 fastsett. I denne saka blir det gjort framlegg om justeringar i tilbodsstrukturen basert på søkeratala til dei vidaregåande skulane etter at søknadsfristen gjekk ut den 1. mars 2015. Denne saka vert nedanfor omtala som «prognoseinntaket».

I fylkesutvalssak 290/13 fekk fylkesrådmannen fullmakt til å tilpasse talet på elevplassar på bakgrunn av søkeratalet ved prognoseinntaket. Dette gjeld når tilpassinga berre fører til at talet på elevplassar t.d. blir justert opp eller ned fordi søkeratalet tilseier dette. Dersom søkeratalet til eit utdanningsprogram (Vg1) eller programområde (Vg2 eller Vg3) er så lågt at det blir vurdert lagt ned, skal saka leggjast fram for politisk behandling.

Fylkesrådmannen vil understreke at denne saka, som hovudregel, tek utgangspunkt i søkeratal, ikkje meir prinsipielle spørsmål som t.d. tilgang på lærepllassar eller kva skular som skal ha kva type tilbod. Dette er spørsmål som må takast opp i den årlege klasseaka i desember - ikkje etter at søkerane har registrert ønska sine på bakgrunn av vedtatt tilbodsstruktur. Unntaket frå dette er at det blir gjort framlegg om å redusere talet på elevplassar innanfor Vg2 Brønn teknikk på grunn av lågare tilgang på lærepllassar.

I prognoseinntaket er søkeratalet til Vg1-tilboda, med unntak av studiespesialiserande utdanningsprogram, tett opp til det søkeratalet som vil vere aktuelt når 1. inntaksomgang skal gjerast i byrjinga av juli. Til Vg2- og Vg3-tilboda vil søkeratala som hovudregel bli lågare. Årsaka til dette er at ein del søkerar ikkje får karaktergrunnlag til å få plass på høgare kursnivå, eller at dei sluttar før det kompetansegevande kurset er fullført.

Til studiespesialiserande utdanningsprogram er det ei utfordring at mange søker både offentlege og private vidaregåande skular. Til dels gjeld dette også innanfor Vg1 Medium og kommunikasjon og Vg1 Idrettsfag, men her er tala mindre og meir handterbare. Når ein skal vurdere søkeratalet til dei einskilde skulane må ein såleis ta høgde for at minst 20% av søkerane til alle årstrinn studiespesialiserande utdanningsprogram, har trekt søknaden sin til våre skular.

Rektorane vart orienterte om søkeratala til sine skular på eit møte den 13. mars 2015. Deretter vart det gitt ein frist på to veker med å sende tilbakemelding til Opplæringsavdelinga. I framlegg til nedlegging av tilbod er det opplyst om skulen har ei anna vurdering til dette. Kommentarar frå skulane ligg elles ved denne saka som uprenta vedlegg.

Når eit tilbod blir lagt ned, får søkerane uansett ønskjeprioritering melding om dette i brev. Dei vil få høve til å endre skule-/kursprioritering direkte på Vigo.no innan ein frist som blir opplyst i brevet. Søkerane vil ikkje automatisk bli overførte til ein annan skule som tilbyr det aktuelle utdanningsprogrammet/programområdet. Dersom søkeren ikkje gjer endringar på Vigo.no blir alle dei andre ønska som var registrerte pr. 1. mars flytta eit hakk opp på prioriteringslista, og deretter behandla på vanleg måte.

Samandrag av dei viktigaste punkta i prognoseinntaket 2015:

| | |
|--|-------|
| Totalt søkeratal fra Hordaland: | 18381 |
| Nedgang i søkeratalet samanlikna med 2014: | 629 |

| | |
|--|--------------------|
| Tal søkerar med Ungdomsrett: | 17219 |
| Nedgang i søkeratal med Ungdomsrett samanlikna med 2014: | 684 (sjå nedanfor) |

NB: Den reelle nedgangen i søkeratalet med Ungdomsrett er mellom 300-400. Samanlikninga med 2014 er ikkje heilt reell fordi særleg søkerar frå Sveio og Etne no registrerer søknaden sin i Vigo.no for Rogaland. Dette er i samsvar med den nye avtalen mellom Rogaland og Hordaland som vart inngått hausten 2014.

Søkjarmönsteret mellom dei studiespesialiseringe utdanningsprogram og yrkesfag er uendra, men med ei lita forskyving internt mellom programma.

Hovudpunkt i prognoseinntaket 2015:

- 242 færre søkerar til Vg1 Teknikk og industriell produksjon.
- Auke i søkerantalet til Vg1 Bygg- og anleggsteknikk (70), men søkerantalet er likevel ikkje høgare enn det var i 2013.
- Betre søkering til «landbaserte» Vg2-tilbod innanfor Teknikk og industriell produksjon.
- Ca 100 færre søkerar til Vg2 Brønn teknikk ved Bergen maritime videregående skole.
- Stor auke i søkerantalet til det nye tilbodet «Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs» for dei som har fagbrev/yrkeskompetanse etter tre år i videregåande skule.
- Nedgang i søkerantalet til ordinært Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs.
- Søkerantalet til dei fleste utdanningsprogramma er stabile samanlikna med 2014 - og tidlegare år.

Grunngjeving for endring ved den einskilde skule.

Etne vidaregåande skule

Nedlegging: Vg1 Medium og kommunikasjon

Søkerantalet til denne skulen er usikre. Grunngjevinga for dette er at søkerar frå Etne som søker skular i Rogaland skal registrere søknaden sin på Vigo.no/rogaland. I tillegg kan dei sjølv sag søkje seg til Etne vidaregåande skule, men då på Vigo.no/hordaland. Det fører til at vi ikkje får oversikt over kva som er søkerane sine reelle primærønske. Inntakskontoret har kontaktat dei fleste som har søkt plass i begge fylka for å prøve å få eit betre bilet over søkerane sine primærønske.

Skulen rår til at Vg1 Medium og kommunikasjon blir lagt ned. Dette skuldast lågt søkerantal over fleire år, og endringar i strukturen for dette tilbodet frå 2016. I år har skulen fått fem primærsøkerar til 12 plassar.

Skulen opplyser at det er ei stor økonomisk/pedagogisk utfordring å oppretthalde eit tilbod med så lågt elevtal. Fylkesrådmannen er samd i denne vurderinga og rår difor til at tilbodet blir lagt ned frå skuleåret 2015/16.

Kvinnherad vidaregåande skule

Nedlegging: Vg1 Restaurant- og matfag

Dette tilbodet vart lagt ned våren 2014 på grunn av lågt søkerantal. Utdanningsprogram som blir lagt ned vil ein som hovudregel opprette att skuleåret etter for å sjå om det er søkergrunnlag til tilbodet. Fylkesutvalet oppretta såleis tilbodet att i sitt møte i desember 2014.

Det har berre meldt seg fire primærsøkerar til dette tilbodet i år. Bakgrunnstala elles viser at ein ikkje kan vente fleire enn desse elevane. Skulen skriv at ein må ha minst åtte elevar for at det skal vere økonomisk grunnlag for å starte opp tilbodet, og rår til at tilbodet heller ikkje kjem i gong frå hausten 2015.

Fylkesrådmannen er samd i denne vurderinga.

Hjeltnes vidaregåande skule

Nedlegging: Vg1 Naturbruk

Dette tilbodet vart lagt ned våren 2014 på grunn av lågt søkerantal. Utdanningsprogram som blir lagt ned vil ein som hovudregel opprette att skuleåret etter for å sjå om det er søkergrunnlag til tilbodet. Fylkesutvalet oppretta såleis tilbodet att i sitt møte i desember 2014.

I år har det berre meldt seg ein søker til Vg1 Naturbruk.

Skulen ser at det ikkje er grunnlag for å opprette dette tilbodet att. Fylkesrådmannen er samd i denne vurderinga.

Det er også låg søknad til Vg2-tilboda ved skulen. Vg2 Naturbruk har fått fem primærsøkjarar, alle med ungdomsrett, pluss fire søkjarar frå andre fylke. Vg2 Anleggsgartner- og idrettsanlegg har fått åtte primærsøkjarar, seks med ungdomsrett + ein frå eit anna fylke.

Fylkesrådmannen vil sjå eiga sak om framtida for skulen, og rår difor ikkje til nedlegging i denne saka.

Norheimsund vidaregåande skule

Nedlegging: Vg1 Helse- og oppvekstfag TAF

Dette tilbodet vart oppretta av fylkesutvalet i 2014. Skulen har ikkje tidlegare hatt TAF-tilbod.

Det har meldt seg tre primærsøkjarar til dette tilbodet. Skulen ønskjer å starte opp tilbodet med så lågt elevtal. Fylkesrådmannen meiner at dette elevtalet er for lågt til eit så pass spesielt tilbod som TAF er, og rår til at tilbodet ikkje kjem i gang frå hausten 2015.

Skulen si tilbakemelding er at dei sterkt ønskjer å kome i gang med dette tilbodet frå hausten. Dei meiner at det låge søkerantalet er fordi tilbodet vart vedtatt så seint at det var lita tid til å driva god marknadsføring.

Skulen skriv elles m.a.

Dei læreverksemndene me har gjort avtalar med, forventar også at me kjem i gang alt denne hausten. Det er tydeleg at det er etterspurnad etter tilbodet. Det er difor viktig at me vert i stand til å halde så mange av dei avtalane me har inngått som mogeleg, slik at me kan skape eit føreseieleg tilbod for alle partar. Den praktiske gjennomføringa av undervisninga skal me få til med så få ekstra ressursar som mogeleg. Programfaga vil elevane ha i lag med dei som går ordinært løp, det same er mogeleg med engelsk og norsk. All den tid dei er ute i læreverksemda to heile dagar, er det difor godt råd å få dette til å få i hop økonomisk med så få som 3 elevar».

Fylkesrådmannen vil påpeike at skulen har lågare primærsøkjartal enn det er plassar ved dei fleste utdanningsprogram/programområde. TAF-modellen er også lagt opp slik at aktuelle lærebodrifter skal kunne velje mellom dei best faglege og motiverte søkerane. Dei tre som har søkt dette tilbodet er frå tre ulike kommunar; Jondal, Samnanger og Kvam. Søkerane har ein grei karakterpoengsum, men likevel lågare enn det som er snittet for andre TAF-elevar i fylket.

Skulen skriv at dei meiner at det låge søkerantalet er grunngjeve med at tilbodet vart vedtatt for seint til at det kunne gjennomførast ei god marknadsføring. Alle nye tilbod blir vedteke av fylkesutvalet i desember året før oppstart, og dersom søkerantalet er lågt det første året må ein ofte kunne akseptere dette. Når søkerantalet er så lågt som tre til eit fagleg utfordrande tilbod som TAF, vil det seie at bedriftene ikkje har noko val i kven dei vil tilsetje. Dette kan igjen føre til at andre, minst like fagleg sterke elevar, får avslag på sin søknad om lærepass fordi bedrifta har tatt inn den eine TAF-eleven som var aktuell. Fylkesrådmannen minner elles om hovudprinsippet om at eit tilbod som blir lagt ned som hovudregel blir oppretta att året etter dersom det er søkergrunnlag for dette. Fylkesrådmannen si meining er difor at skulen brukar tida fram til søkerfristen går ut den 1. mars 2016 med å gjøre tilbodet kjent og attraktivt for ungdom i den aktuelle søkergruppa.

Voss husflidskule

Nedlegging: Vg1 Studiespesialiserande med Formgjevingsfag

I år har det berre meldt seg tre primærsøkjarar med Ungdomsrett til Vg1 Studiespesialiserande med Formgjevingsfag. I skulen si tilbakemelding etter prognoseinntaket ser ein at dette er for lågt til at tilbodet kan starte opp frå hausten 2015.

Fylkesrådmannen er samd i denne vurderinga og rår til at tilbodet vert lagt ned.

Voss vidaregåande skule

Nedlegging: Vg1 Service og samferdsel

Vg2 Kjøretøy

Vg1 Service og samferdsel har berre fått fire primærsøkjarar, av desse to med ungdomsrett. Bakgrunnstala viser at det tilbodet heller ikkje har mange søkerar med sekundærønske.

Skulen ser at det ikkje er grunnlag for å oppretthalde tilbodet komande skuleår, men ønskjer å tilby dette att for skuleåret 2016/17. Fylkesrådmannen minner om at tilbod som blir lagt ned eit år som hovudregel vil bli oppretta att året etter. Dersom det heller ikkje då er søkjargrunnlag skal det meir til å få tilbodet opp att.

Vg2 Kjøretøy vart lagt ned våren 2014, og oppretta att av fylkesutvalet i desember 2014. Det har berre meldt seg to primærsøkjarar med ungdomsrett. Skulen seier i si tilbakemelding at det ikkje er råd å starte opp med så lågt elevtal. Dei minner elles om at Vg2 Kjøretøy ligg inne i tilbodsstrukturen for Nye Voss vidaregåande skule. Skulen vil difor arbeide aktivt for å få elevgrunnlag til tilbodet frå hausten 2016.

Fylkesrådmannen ser også at det i år er søkjargrunnlag til ein ekstra klasse på Vg1 Teknikk og industriell produksjon, og vil difor auke elevtalet frå 30 til 45. Dette kan også vere med på å gje eit betre søkjargrunnlag til Vg2 Kjøretøy i 2016.

Det ser elles ut som det er søkjargrunnlag nok til at Vg2 Kjøretøy kjem i gong både i Odda og i Norheimsund.

Fylkesrådmannen er samd i vurderingane frå skulen om at det ikkje er søkjargrunnlag til dei to ovannemnde tilboda frå hausten 2015, og rår difor til at tilboda blir lagt ned.

Bergen maritime vidaregående skole

Reduksjon tal plassar: **Vg2 Brønn teknikk: 15 plassar**

Søkjartalet til Vg2 Brønn teknikk har fram til i år vore svært høgt, og nedre karakterpoengsum for inntak har vore ca. 50 poeng (snittkarakter på 5). Søkjartalet har i år gått ned med ca 100 søkjarar samanlikna med 2014, og det kan sjå ut som om nedre poenggrense vil bli om lag 4,2. Det er likevel ikkje dette som gjer at fylkesrådmannen rår til å redusere talet på elevplassar med ein klasse, d.v.s. frå 45 til 30 elevar.

Hovudgrunnen til reduksjonen er at det etter kvart har blitt vesentleg vanskelegare å finne læreplassar til alle elevar med ungdomsrett. I 2014 var det ein periode på sommaren at inntil 10 elevar med opplæringsrett stod utan tilbod om læreplass. Ein del av desse fekk kontrakt utetter sommaren, mens ein del fekk utvida opplæringsretten med eitt år dersom dei tok Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs i inneverande skuleår. Dei vil då også ha ungdomsrett når dei søker læreplass i 2015. Det er svært vanskeleg og ikkje minst svært dyrt (300 – 400 000 pr. elev), å gje elevar med ungdomsrett tilbod om plass i Vg3. I praksis let det seg truleg ikkje gjere å opprette eit slikt tilbod. Det er i dag ikkje noko som tilseier at marknaden for læreplassar vil auke i nær framtid. Fylkesrådmannen rår difor til at talet på elevplassar ved Vg2 Brønn teknikk blir redusert frå 45 til 30.

Austevoll vidaregåande skule

Nedlegging: **Vg1 Elektrofag**

Vg1 Elektrofag har fått seks primærsøkjarar, av desse fem med ungdomsrett. Bakgrunnstala viser at det ikkje er fleire aktuelle elevar. Skulen skriv i si tilbakemelding at det ikkje er grunnlag for å starte opp klassen med så lågt elevtal, men at dei vonar at det til neste år kan vere søkjargrunnlag til tilbodet.

Fylkesrådmannen er samd med vurderinga frå skulen, og rår til at Vg1 Elektrofag blir lagt ned. Som opplyst tidlegare i denne sakha blir tilbod som blir lagt ned som hovudregel oppretta att året etter. Dersom det året deretter framleis ikkje er grunnlag for tilbodet, vil ein måtte vurdere meir nøyne om dette er eit tilbod som skulen skal ha i framtida.

Osterøy vidaregåande skule

Nedlegging: **Vg1 Design og handverk.**

Det har meldt seg fem primærsøkjarar til dette tilbodet, av desse fire med ungdomsrett. Bakgrunnstala viser at det er svært få og usikre sekundærskjarar i tillegg.

Skulen ønskjer å oppretthalde tilbodet.

Fylkesrådmannen viser til det låge søkerantalet, og rår til at Vg1 Design og handverk blir lagt ned for komande skuleår.

Bakgrunnstala viser at dette også kan styrke elevgrunnlaget til Vg1 Helse- og oppvekstfag ved skulen. Dette tilbodet har 10 primærsøkjavarar, av desse sju med ungdomsrett, noko som svært truleg vil føre til at det totalt sett blir ledige plassar ved skulestart.